

# KYRKJEBLAD

for

## NORD-FRON


Nr. 2 • JUNI 2026 • Årgang 71



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje



*Til kjærleik Gud oss skapte,  
til kjærleik hjarta trår.  
Dei livsens lukka tapte,  
som ei Guds kjærleik når.*

NoS: 670

Foto: Jostein Lunde



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkja i Nord-Fron

[www.nord-fron.kirken.no](http://www.nord-fron.kirken.no)

# TIL TENESTE

## Nord-Fron kyrkjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra  
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege felles-  
råd. Nedregata 50, 2640 Vinstra

### Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00. Tlf.: 612 16 290

### Sekretær:

Venke Helen Sletten. Tlf.: 612 16 290

### Kyrkjeverje:

Morten Hagen.  
Tlf.: 612 16 292. Mob.: 975 36 584

### Sokneprest i Sødorp og Kvikne

Caroline Serck-Hanssen.  
Tlf.: 612 16 293. Mob.: 918 44 838

### Sokneprest i Kvam og Skåbu

Benjamin Fjellheim Olsen  
Tlf.: 612 16 294. Mob.: 403 12 795

### Diakon og kyrkjelydspedagog

Per Øyvind Fredin  
Kontor: 612 26 272. Mob.: 401 65 789

### Kyrkjemusikar:

Iren Falkenhaug. Mob.: 967 39 550

### Organist:

40 % stilling ikkje besatt

### SØDORP SOKN

#### Soknerådsleiar:

Liv Randi Sundhagen. Mob.: 481 24 885

#### Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen. Mob.: 456 06 026  
Atle Kolloen. Mobil.: 906 90 334

### KVAM SOKN

#### Soknerådsleiar:

Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

#### Kyrkjetenar:

Svein Fredrik Kjæstad. Mob.: 908 45 584

### KVIKNE SOKN

#### Soknerådsleiar:

Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

#### Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

### SKÅBU SOKN

#### Soknerådsleiar:

Bente Varpestuen. Mob.: 906 27 850

#### Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

### FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta  
Storgt. 21, 2670 Otta. Tlf. 612 30 536

### Redaktør, Kyrkjebladet

Kristin Hareide Vesteraas  
E-post: kristin.v@hotmail.com  
Mobil: 991 53 857

### Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,  
www.dg-trykk.no  
Tlf.: 61 27 73 50



www.dg-trykk.no



# HEIM OG KYRKJE



## Døpte

### KVAM:

Ida Bjørnstad  
Emrik Tungen (Døpt i Ringebu stavkirke)  
Eline Kvamme Jansen

### SØDORP:

Ella Sund Storholm (Døpt i Heidal kyrkje)  
Kristin Nilstad  
Birk Herman Rundtom  
Joakim Berget

### KVIKNE:

Halvor Silli Kvålen  
Jørgen Håvin Solhaug



## Vigde

### SØDORP:

Tore Vasli Vorhaug og Lidia Mazoco Da Cruz.

### KVIKNE:

Astri Grønningseter Silli og Torger Kvålen

### SKÅBU:

Emilie Johanne Hagen og Henrik Williams



## Døde

### KVAM:

Ommund Skaare  
Jan Erik Lien  
Björg Aud Brustuen  
Torvald Kamp  
Oddrun Maria Sletten  
Randi Tangen  
Bjarne Sanden  
Hans Asmund Kjørum  
Erling Engum  
Magnar Killi

### SØDORP:

Tove Gravningsmyhr  
Marit Furuheim  
Liv Bøløkken  
Iver Johannes Lunde  
Ole Johan Johansen  
Åse Wangen Friberg  
Oddvar Bakken

### KVIKNE:

Torodd Husom  
Jenny Kvaalen

Dette kyrkjebladet inneheld informasjon, refleksjonar og innhald som er meint å vere til inspirasjon og opplysning for lesarane. Artiklar, medvit og meiningar som kjem fram, står for forfattarane sine eigne syn og treng ikkje nødvendigvis å representere den offisielle haldninga til soknet eller Den norske kyrkja. Vi strevar etter at all informasjon skal vere korrekt på utgjevningsstidspunktet, men tek atterhald om feil, endringar i program og uventa justeringar. Kyrkjebladet er ikkje ansvarleg for eventuelle misforståingar eller følgjer av bruk av informasjonen.

## Takk

Kyrkja i Nord-Fron ynskjer å rette ein stor takk for minnegåve gjeve til orgelfondet i Sødorp kyrkje ved gravferda til Iver Johannes Lunde.

### KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas  
Redaksjonskomite: Per Øyvind Fredin,  
Björg Marit Hoel (Skåbu),  
Liv-Elin Aasmundstad (Kvikne),

Tone Berit Øyen (Kvam) og  
Berit Elisabeth Tangvik (Sødorp)

### NESTE NUMMER

kommer i september, frist for stoff er 23. august



STØTT KYRKJEBLADET!  
VIPPS TIL 598171

Kyrkjekontorets e-post-adresse: [venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no](mailto:venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no)

Heimeside: [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

Kontonummer: 2095.49.59768

# Dugnadskultur i Nord-Fron

*Foto og tekst: Bjørg Hoel, Tone Berit Øyen, Liv-Elin Aasmundstad, Ben Hartjes, Per Øyvind Fredin, Berit Tangvik og Egil Myhre*

Det vart dugnader i år som i alle år. Det dreier seg om å halde kyrkjegarden ryddig, og vaske og tørke støv i dei fine kyrkje våre. I og rundt kyrkjene i Kvam, Kvikne, Skåbu og Sødorp vart det rydda og vaska for høgtidsdagane og konfirmasjonar i mai og juni var like om hjørnet. På kyrkjegarden attmed Sødorp kyrkje blåste det mykje, og dei som møtte opp jobba i motvind mot lauvet.



# Dugnad i Kvam

Vi jobba i sterk vind. Resultatet blei bra. Kyrkjetenar Svein Fredrik er ei viktig brikke i å legge til rette for at alt er på plass. Vi var tre personar som tok ein jobb tirsdag med å fjerne all gammel pynt etter vinteren. Ein sparer mykje tid dugnadsdagen med at dette er gjort.

Egil Myhre

«Same procedure as last year, miss Sophie?»

«Same procedure as every year, James».

Denne frasa passar bra når det kjem til dugnaden på Kvam kyrkje. Det er dei same blidspendte ansikta som møter opp kvart år, for å rydde og pynte kyrkjegarden til 1. mai. I år var det 32 stykk som deltok med rive og to stykk som stod for servering av kaffi og biteti, da i form av vaflar og kringle.

Takk til Anne-Grete Letrud for baking av kringle, da eg ikkje heilt har taket på det enda.

Tekst: Tone Berit Øyen



# Dugnad i Kvikne



# Husvask og dugnad i Skåbu

Måndag 27. og tysdag 28. april var det husvask i Skåbu kyrkje. Det møtte syv stykk, så arbeidet gjekk fint.



Midt på dagen var det ein kvil med kaffi å god kringle og ein trivle prat. Alle var nøgde med jobben å tykte at dugnadsarbeid er både sosialt og triveleg.

12. juni var det dugnad på kyrkjegarden i Skåbu. Det var godt frammøte med 30 stk. som ville vera med å gjera kyrkjegarden fin til 17. mai. Mange var spente på vêret då det hadde vore snøvær før, men det var sol og finevær og alle kosa seg. Jobben vart fort gjort med så mange som hjelpte til, og etterpå var det kaffi og kringe ute i finevêret, og ein triveleg prat blant sambygdingar.



Tekst: Bjørg Hoel



I Bakkestugu gjekk rivegjengen til angrep på lauv



# Kyrkjeverje si side

Tekst: Morten Hagen.

## Sikring av gravminne på kyrkjegardane i Nord-Fron

Gravminne er viktige minnesmerke over våre kjære, og ein naturleg del av kyrkjegarden sitt uttrykk og historie. Samstundes er det viktig å vere merksam på at gravminne som ikkje er forsvarleg sikra, kan utgjere ein fare for dei som ferdast på kyrkjegarden.

Etter lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) er det gravfestar (eigaren) sitt ansvar at gravminnet er i forsvarleg stand og godt sikra. Lova stiller klare krav til korleis ståande gravminne skal festast. Gravminne som er over 60 cm høge skal vere festa med to rustfrie boltar, medan mindre gravminne skal vere sikra med minst éin bolt. Dette er eit viktig tiltak for å hindre at gravminne kan velte.

Gravplassmyndigheita i Nord-Fron vil i løpet av året gjennomføre kontroll av gravminne på alle kyrkjegardane i kommunen. Gravminne som ikkje oppfyller krava til forsvarleg sikring vil bli registrerte, og festar vil få tilsendt brev med melding om kva som må utbetrast.

Det er viktig å vere klar over at vind, tele, rotsystem og slitasje over tid kan gjere gravminne ustabile, sjølv om dei tidlegare har vore godt festa. Vi oppmodar difor alle festarar til å kontrollere gravminne jamleg. Dersom ein er usikker på om gravminnet står trygt, bør det sikrast av fagfolk.

Sikring av gravminne kan gjerast på eiga hand, men mange vel å nytte profesjonell hjelp. Lokale fagmiljø kan bistå med dette arbeidet.

Å sikre gravminne handlar ikkje berre om å følgje lovverket – det handlar også om omsyn til tryggleiken for alle som besøker kyrkjegarden, og om å ta vare på det verdige uttrykket desse stadene skal ha.

Har du spørsmål om sikring av gravminne, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret i Nord-Fron.



## Planting på kyrkjegardane i Nord-Fron

Mange ønskjer å gjere grava til sine næraste personleg og fin gjennom planting av blomar og plantar. Dette er både naturleg og positivt, men det er viktig at planting skjer innanfor visse rammer.

Det er gravfestar som har ansvar for planting og stell av grava. Planting skal skje innanfor gravfeltet, og må ikkje gå utover nabo-graver eller fellesareal. Det er eit mål at kyrkjegarden skal framstå som ryddig og verdig, samtidig som det skal vere god framkome for drift og vedlikehald. Det er i hovudsak høve til å plante låge plantar og blomar, som sommarblomar, staudar og mindre prydbuskar. Tre, store buskar eller plantar med kraftig rotsystem er derimot ikkje tillate, då desse kan skape problem over tid – både for gravminne, omkringliggjande graver og for vedlikehald.

Plantar skal ikkje vekse seg så store at dei skjuler gravminnet eller breier seg utanfor grava. Gravfestar har ansvar for å halde planting og grav ryddig og stelt. Dersom dette ikkje vert følgt opp, kan kyrkjegardsforvaltninga vere nøydd til å klippe ned eller fjerne plantar.

Reglane for planting er forankra i gravplasslova og lokale vedtekter, og er med på å sikre at kyrkjegarden er ein trygg, vakker og verdig stad for alle.

Er du i tvil om kva som er tillate, er du velkommen til å ta kontakt med kyrkjekontoret.



# Informasjon om avfallshandtering

Oss som arbeidar i kyrkja gjer det oss kan for å halde kyrkjegarden ryddig og i god orden. Oss ber dykk om å vera med dette viktige arbeidet.

På kyrkjegarden kan de berre kaste organisk hageavfall på merka plass. Avfall som:

- Lauv
- Kvistar
- Gras
- Blomar/planter
- Jord og mold
- Visne kransar utan pynt



**Avfall som ikkje er organisk hageavfall, må de ta med dykk heim eller levere på ein avfallsstasjon**

(til dømes Midt-Gudbrandsdal Renovasjon – Rustmoen). Det vil seie:

- **Lykter/gravlykter**
- **Ljos**
- **Potter**
- **Mat**
- **Papir/papp**
- **Plast**
- **Ståltråd**
- **Annan ikkje organisk pynt**



## Kyrkjeleg undervisning våren 2026 Om livet og døden.

Tekst og bilete: kyrkjelydspedagog, Per Øyvind Fredin

Om våren handlar læringa om liv og skaparverket. 6-åringane får utdelt bok på gudsteneste. Og så er dei med på ei samling i forkant der dei jobbar, eller er kreative, som eg seier. Born treng konkrete oppgåver å gjera, elles kan valmoglegheitene bli for få eller for mange. Dei får teikne blomar, stjerner, fuglar, og anna som er skapt rundt oss. Samling for 6-åringane er i tida før påske, og som born og vaksne har gjort før, fargelegg dei egg. Kort sagt er det skaparverket i kyrkja som er fokusområdet. Å knytte egg, våren, plantar og påsketida til nytt liv er oppdraget.

Etter påska besøkte eg biblioteket med 4-åringar og føresette. Sarah syna 4-åringane frøbiblioteket. Og med utgangspunkt i ei bok om Peppa Gris fekk vi sjå korleis plantar slår rot, veks og får farge.

I Kyrkjestugu fortsette vi med å så frø av Ringblomster, Blomkarse og Sukkererter i pottar. Undervegs song vi «Kven har skapt alle blomane?». Vi avrunda møtet med ein oppsummering. - «Kva treng vi for å få plantene til å vekse?». Det er ein tradisjonell tanke at vi menneske er forvaltatar av Gud sitt ska-



parverk. Gardbrukarar og gartnarar er heilt sentrale i dette arbeidet. Vi er alle litt gardbrukarar og gartnarar. På samlinga fekk 4-åringane prøve korleis dei kan ta vare på skaparverket. Vi kan hjelpe det med å vekse. Gje det vatn og sørge for at plantane får sollys.

Utan vår Gud og skaper hadde det ikkje vore noko sol, vatn eller gardbrukarar. Det er Gud som er skaparen av alt. Elles som vi syng i songen «Kven har skapt både deg og meg? Jo, Gud i himmelen».



Torsdag 4. juni besøkte gutar frå tredjeklassetrinnet Sødorp kyrkje for å bli betre kjende med kva ei gravferd er. Samlinga hadde fokus på det som er knytt til gravferd: den praktiske gjennomføringa, kva respekt inneber i ein slik samanheng, og det mystiske ved døden. Vi stoppa litt opp ved det store spørsmålet: Kva skjer etter døden? - Eit spørsmål menneske har undra seg over sidan verdas byrjing. Dette er eit av mange spørsmål som kan utfordre trua. Det er her håpet vert så viktig. Håpet som hjelp oss vidare på vegen. I songen Alltid freidig settast ord på dette.



**Alltid freidig når du går  
veier Gud tør kjenne,  
selv om du til målet når  
først ved verdens ende!**

**Aldri redd for mørkets makt!  
Stjernene vil lyse;  
med et Fadervår i pakt  
skal du aldri gyse.**

**Kjemp for alt hva du har kjært,  
dø om så det gjelder!  
Da er livet ei så svært,  
døden ikke heller.**

*T Christian Richardt 1867*



# Barnas

## Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof



## Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?


|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| S | V | D | E | Y | L | F | B | Z | E |
| V | Z | A | V | K | F | R | E | P | T |
| E | N | N | X | C | I | A | L | K | Y |
| I | D | M | L | N | N | N | G | I | S |
| T | Z | A | K | O | L | K | I | T | K |
| S | I | R | L | R | A | R | A | A | L |
| V | N | K | U | G | N | I | K | L | A |
| Q | L | D | T | E | D | K | C | I | N |
| S | V | E | R | I | G | E | P | A | D |
| Y | P | S | E | N | G | L | A | N | D |

## Labyrint



Filip fortalde om Jesus til mange som han møtte. Ein av dei han møtte var ein etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne vegen.

Teikningar: Chiara Bertelli



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehagen!



Søndagsskolen - mer enn du tror

# Gjer det mogleg å kome vidare

*Skogfinnar rapport*

**Den norske kyrkja har engasjert forskarar som arbeider med ein rapport om skogfinsk spiritualitet og kyrkjeliv. Rapporten skal leggst fram på skogfinnenes dag 21. juni. Marikken Bruvold er leiar for interesseorganisasjonen Unge skogfinnar i Noreg. Ho set pris på initiativet frå kyrkja til å løfte fram og synleggjere skogfinsk livsforståing.**

Sjølv har ho vakse opp på Åsnes Finnskog, sterkt knytt til naturen, der det åndelege var sterkt til stades. Ho fortel at ho opplevde naturen som magisk, der det hende ting som ikkje kunne forklarast. Ho lærde tidleg å bry seg om naturen og dyra, dei små tinga som kunne vere religiøse openberringar i kvardagen.

## **Gløynde og usynleggjorde**

Dei første skogfinnane kom til Noreg frå Sverige midt på 1600-talet og blir rekna som ein nasjonal minoritet. Skogfinnane kom opphavleg frå Finland og slo seg i hovudsak ned i grenseområda mot Sverige, frå nordre Østfold til Trysil, men ein del rydda òg buplassar vest for Glomma. Med seg hadde dei sin eigen kultur, religiøsitet og historie.

Språket var finsk, ein dialekt frå Savolax der dei opphavleg kom frå. Språket var i bruk fram til midten av 1900-talet, og framleis finn ein spor etter det i stadnamn og områdenamn på Finnskogen. Skogfinnane tok med seg mellom anna byggjeskikk, matrettar, handverkstradisjonar som neverfletting og kontstrikking, dansetradisjonar, naturkunnskap, spiritualitet, forteljingar og eventyr – historie, kultur og tradisjonar som framleis lever.

## **Forskar på skogfinsk kyrkjeliv**

Fornorskingspolitikken, som Den norske kyrkja var ein del av, fekk store negative konsekvensar – også for skogfinnane. I dag blir omgrepa sanning og forsoning brukt som overskrift for eit langsiktig arbeid med erkjenning, orsaking og reparasjon i både kyrkje og samfunn. Hamar bispedømeråd har no etablert ei prosjektgruppe med mål om å synleggjere skogfinsk historie, kultur og religiøsitet.

Prosjektet arbeider med korleis skogfinsk språk, kultur og tradisjon kan brukast slik at det styrkjer skogfinsk identitet og trusliv. I tillegg jobbar prosjektgruppa med korleis Den norske kyrkja kan ta opp i seg den skogfinske livsforståinga.

– Vi håpar at prosjektet kan bidra til å erkjenne, og styrkje skogfinsk identitet og tilhørslse, seier Gunnhild Hauge Bjørndal, prosjektleder i Den norske kyrkja.

På skogfinnenes dag, søndag 21. juni, blir det ei gudsteneste prega av skogfinsk kultur, tradisjon og identitet i Grue Finnskog kyrkje. Rapporten om skogfinsk kyrkjeliv i Den norske kyrkja vil bli presentert,



*Leiar for Unge skogfinnar i Noreg, Marikken Bruvold, med det skogfinske flagget. Flagget symboliserer skogen si tyding for svedjebrukskulturen (grøn), moden svedjerug (gul), elden og rognreet – som vart rekna som heilagt (raud), og sotet frå røyk og svedje (svart), som òg står for fruktbarheit. Foto: Morten Bruvold.*

og det blir musikkinnslag og talar for dagen på Norsk skogfinsk museum. Preses, statsforvaltaren, biskopen og representantar frå skogfinske organisasjonar vil vere til stades på Svullrya denne dagen.

Marikken Bruvold frå Unge skogfinnar meiner kyrkja har teke eit svært positivt initiativ. For henne var kyrkja ein god del av oppveksten, og ein stad der barn og unge kunne møtast gjennom KFUK/KFUM. Ho sette pris på orsakinga som kom frå staten i rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen. Ho er glad for at kyrkja no vil bidra til eit godt samarbeid vidare.

– Dette kan bli svært viktig og bra, seier ho, og håpar prosjektet som no er i gang kan bidra til å byggje opp att tilliten mellom skogfinnar, kyrkje og stat.



*Neverfletting er ein typisk skogfinsk handverkstradisjon.  
Foto: Hamar bispedømeråd.*



*I juni 2023 møttest skogfinske interesseorganisasjonar, det skogfinske museet og biskopen i Hamar for første gong.  
Foto: Stig Jørund Arnesen / Den norske kyrkja.*

# Diakonal samling i Sverige

*Tekst: Diakon Per Øyvind Fredin. Foto: Karlstad Stift, Den Svenska kyrkjan*

**Diakonar frå Hamar bispedøme møtte svenske diakonar i vakker svensk natur i slutten av mai.**

Medan Biskopen vitja Nord-Fron i slutten av mai, reiste Nord-Fron sin diakon på fagsamling i Sverige i regi av Hamar bispedøme og Karlstad stift, som er Hamar bispedøme sin venskapskyrkje i Sverige. Fagsamlinga vart arrangert på Dömle Herrgård i Värmlands län. Karlstad Stift er slik Hamar bispedøme prega av innlandsnatur. Det er innsjøar, gardar, åkrar og tre.



*Det ser kanskje ut som en bølning konfirmantar på sommarleir i Nordfjord, men nei, det er diakonar frå Hamar bispedøme og Karlstad stift og biskopen i Karlstad på Dömle herrgård.*

Diakonar er sosiale av natur. I samtale med ein kollega frå Sverige legg vi merke til kvarandres emblem, som vi ber rundt halsen. Eg ber ein maltesarkross. På min

**Diakonen er ein sjølvstendig profesjon, og representerer kyrkja si omsorgsteneste til alle menneske. Når vi til dømes delar ut mat i Nord-Fron til folk, er det ein måte å vise omsorg på.**

kross står namnet mitt og vigslingsdatoen på baksida. I Sverige nyttar dei eit anna type symbol. Eg vert fortalt at emblemet som diakonane ber, minner om Gud Faderen gjennom den altomsluttande sirkelen utan byrjing og slutt, om Jesus Kristus gjennom krossen og om Den heilage ande i form av dua som ber det grønska livet i nebbet.



*Emblem for svenske diakonar*

Krossen er Kristus som elsker, døyr og står opp for oss. Dua med oljekvisten kjem med håp og budskap om liv. Ringen er Guds kjærleik som krinsar og omsluttar alle menneske. Når ein diakon i Sverige døyr, vert emblemet gjeve vidare til ein ny diakon.

Når diakonar kjemt saman er viktige tema beredskap, helse, møteplassar, og korleis møte einsemd. På denne samlinga vart det presentert seks lokale bidrag, tre frå Sverige og tre frå Norge. Eg orienterte om Matutdelinga i Nord-Fron. Dei svenske diakonane presenterte mellom anna om korleis møte menneske med einsemd, og kor viktig det er å skape gode og inkluderande møteplassar for folk som av ulike grunnar står utanfor samfunnet. Vi har alle kreative løysningar, og vitjar om at kyrkja bryr seg.



*Malteserkrossen i logoen til Diakonhjemmet Sykehus*

# Folkemusikk-konsert i Skåbu

*Tekst og foto: Bjørg Hoel*

**Søndag 19. april fekk 55 framømte ei fin konsertoppleving i Skåbu kyrkje.**



Dei to gode folkemusikarane Øystein Rudi og Geir Marius Thorud, stod for ein framifrå fin musikk som tok oss med åt store delar av landet. Vi fekk også høyre folkemusikk frå Sverige. Dei to karane underheldt oss også med mange gode historier, og det vart ei fin og minnerik oppleving i Skåbu kyrkje.

Tusen takk åt dei båe to, og tusen takk åt dei som arrangerte denne kvelden. Overskotet frå konserten gjekk til bokutgjeving anledning Skåbu kyrkje sitt 100-års jubileum.

**Du kan støtte bokprosjektet ved å vippse til Skåbu sokneråd 11 53 89. Merk støtta med «Jubileumsbok»**

## Vårkonsert i Sødorp kyrkje 31. mai

Tekst og foto: Berit Elisabeth Tangvik

Vårkonsert i Sødorp kyrkje med romansar av Grieg. Med Kari Hanne Rudrud (song) og Iren Falkenhaus (klaver). Ein fin kveld for eit takknemleg publikum.



# Mindfulness ein vorkveld i kyrkja

Foto: Svein Falkenhaus, tekst: Per Øyvind Fredin.

**Tine Slang Stauri, Iren Falkenhaus og Rasmus Stauri synar seg som eit supert lag når dei inviterer inn til vårmeditasjon i Sødorp kyrkje siste kvelden i april.**

Det er Rolf Løvland og musikken frå Secret Garden som er tema for konserten. Deira spelte tonar vekker refleksjonar og tankar på ein vårdag som dette. Tankar, livserfaringar, bekymringar, framtidshåp, og trua på noko som kjem, er tankestraumen eg opplever i møte med musikken. Musikken vekkar absolutt kjensler. Og med tanke på det, lykkes Tine og Iren med hensikta, opplever eg. Meditasjon er kanskje ein praksis dei fleste knytt til ord som mindfulness, trusretninga buddhisme, stillheit og ettertanke i rolege rom. I kveld leiar musikken meditasjonen i ei kyrkje. Musikken dei framfører, som er frå prosjektet Secret garden, slo for alvor gjennom på midten av 90-tallet, då gruppa til Løvland vann Eurovision Song Contest i 1995. Uttrykket til musikken appellerer til kjensler. Og den treffer trua, kan ein seie. Til å vera komponert på 90-talet er den sterkt forankra i kunstmusikken (klassisk musikk), men og i folkemusikken.

I Sødorp kyrkje kjem publikum og utøvarane nære kvarandre. For musikarar som ikkje spelar for publikum kvar dag, legg kyrkja til rette ei trygg ramme. Og publikum får masse for å gå i kyrkja. Konserten har dessutan fri entre. Publikum som kom i kveld fekk absolutt mykje igjen for tida dei satt av til vårmeditasjonen.



## Jubileum for 50-, 60-, 70- og 80-årskonfirmantar i Nord-Fron

**Kvam** feirar jubileum 30. august kl. 11:00 i Kvam kyrkje og på kirketeigen etter gudstenesta (påmelding innan 16. august)

**Kvikne** feirar jubileum 30. august kl. 11:00 i Kvikne kyrkje og på bygdahuset etter gudstenesta (påmelding innan 23. august)

**Skåbu** feirar jubileum 13. september kl. 11:00 i Skåbu kyrkje og med kyrkjekaffi på bygdahuset etter gudstenesta (påmelding innan 4. september)

I **Sødorp** feirast det ikkje konfirmantjubileum i år, 2026. Det vert jubileum neste år.

Påmelding og spørsmål om jubilea kan rettast til kyrkjekontoret:  
Tlf. 61 21 62 90

E-post: [venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no](mailto:venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no)  
Nord-Fron kyrkjekontor, Nedregt. 50, 2640 VINSTRA

# Konfirmantar i Sodorp kyrkje 9. mai 2026



1. rad fra venstre: Julie Myreng, Marielle Evensen Rundtom, Mariell Bøe, menighetspedagog Lena Ljungstrand, Prest Jens Petter Ous, menighetspedagog Kjell Arne Langseth, Lisa Grande Haugen Ottesen, Mari Melby Tessneset, Gina Anita Tangen Hage.

2. rad fra venstre: Gabriella Johnsgård, Sofia Støstad, Eilen Plassen-Brandvold, Åsa Ruset Sletten, Anna Øyen, Sia Elise Schillums Justesen, Oda Byrliøkken, Normi Røen Heide, Otilie Skogstad Øybrekken, Oline Kolloen, Oda Marie Kirkeeng-Kvernstuen.

3. rekke fra venstre: Simen Leander Hagen, Emil Nygaard Bjørnvold, Magnus Kragerud Wadahl, Østen Iver Nordli Gunstad, Markus Storbråten, Aksel Haugen Solhaug, Tord Steine Lien, Mateo Alexander Rustbakken.

4 rekke midten: Trym Klypen, Johannes Karenstuen, Martin Bjørkheim Dokk.

# Konfirmanter i Kvam kyrkje 24. mai 2026



Fremre rad, fra venstre: Ida Bjørnstad, Jenny Slettloolen Myren, sokneprest i Kvam kyrkje Benjamin Fjellheim Olsen, Sunniva Johansen,

Therese Veronika Blekastad Saglien og Mie Ottestad Wilhelmsen.

Bakre rad frå venstre: Kevin Kolloen, Elias Aspeslåen, Elias Holten Lien, Oskar Markrud, Håkon Svenstad Moen, Mattis Markrud, Aksel Holen Grøndal og Emil Meldal Moen.

# *Konfirmantar i Kvikne kyrkje 30. mai 2026*



Fotobbenas

Frå venstre: Eivind Sylte, sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen, Per Arne Risdal Vaterland, Tord Sletten

# Konfirmanter i Skåbu kyrkje 6. juni 2026



Fra venstre: Aksel Berglund, Ellef Skuterud, Sogneprest Benjamin Fjellheim Olsen og Mathea Groven Val

# Olsok-vandring langs pilegrimsleia gjennom Nord-Fron

*Tekst og foto: Caroline Serck-Hanssen*

Onsdag 29. juli vert det tradisjonen tru feira olsokmesse i Kvam kapell kl. 18. Nytt av året er at Sødorp og Kvam kyrkjelyd saman arrangerer felles pilegrimsvandring i forkant av gudstenesta. Vandringa blir leidd av kjentmannen Egil Myhre og sokneprest Caroline Serck-Hanssen. Undervegs bidreg Egil med sine store kunnskapar i lokalhistorie, medan Caroline leier song og bønn. Eit hefte med passande songar og salmar for pilegrimsvandring vert dela ut. Det blir ein lengre kvilepause om lag halvvegs.

Vandringa mot Kvam startar kl. 13 frå Storbrenna øvst i Toksefeltet. Herifrå følgjer vi pilegrimsleia på ein god sti om lag seks km gjennom skogen. Dette er eit vakkert parti som er vel verdt å oppleve berre for naturens del. Dei siste fem km går vi på asfalt. Turens samla lengde er om lag 11 km og tek rundt fire timar med pausar. På Kvam blir det kaffeservering ved kapellet og truleg moglegheit for å kjøpe seg mat på Vertshuset Sinclair før eller etter messa.

Alle interesserte er hjarteleg velkomne! Det krevst ingen påmelding, berre gode tursko og uthald. Olsok-vandringa blir avlyst dersom det vert meldt grisevær. Oppdatert info kjem på Kyrkjekontoret si Facebook-side når det nærmar seg.



## Ordinasjon i Sødorp kyrkje

Sundag 23. august 2026 kl. 11.00 vert Caroline Serck-Hanssen ordinert til sokneprest for Sødorp og Kvikne. Ordinasjonen skjer i Sødorp kyrkje, og biskopen vil delta i gudstenesta.

Dette er ein viktig og høgtideleg dag for både kyrkjelyden og den nye presten, og vi vonar mange vil vere med og markere hendinga.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe i Sødorp kyrkjestugu.

Alle er hjarteleg velkomne!



Foto: Julia Karchina

# Kontorvigsel

Foto: Per Øyvind Fredin



Kyrkjekontoret synar fleksibilitet. Og når sokneprest Benjamin sine vener vil vie seg, står han og kontoret til disposisjon. 24. april via han sitt venepar, Tore og Lidia. Trønderen Tore frå Opdal og Benjamin er kjente frå teologistudiet i Stavanger. Lidia er frå Italia.



## Håp i ei uroleg verd

**Søndag 27. september i Sel kyrkje**

### Program

Kl. 15 Mingling med kaffi og biteti i Sel kyrkjestugu

Kl. 16 Foredrag i Sel kyrkje ved biskop em.  
Per Arne Dahl: Korleis bevare  
håpet i ei uroleg verd?

Pause med matservering

Kl. 18 Folkemusikkmesse v/  
Synne Grothe, Mads Erik Odde,  
Vidar Hoel og Birgitte Bentzrød

*Arr: Sel kirkelige råd*



# Bispevisitas

I mai og juni besøkte Biskop Ole Kristian Bonden Nord-Fron. I neste nummer kjem det utfyllande dekning frå besøket. Gled dykk!



Ekstra gåver kjem og godt med. Kyrkjebladet er viktig for arbeidet i kyrkjelydane.

**Vipps til nummer 59 81 71 og vel kategori «gåve/kontingent kyrkjebladet»**

Kontonummer: 2095 49 59768

**VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA**

**KVIKNE: 137266 • SØDORP: 135692 • KVAM: 113553 • SKÅBU: 115389**

Takk for di støtte! *Helsing redaksjonen*

Din lokalbank er tilgjengelig  
når du trenger det!

**SpareBank 1**  
GUDBRANDSDAL

Bank  
Eiendom  
Regnskap

**JOBE**   
**GRAVSTEINSERVICE AS**  
• Innskriftsjoner  
• Oppussing  
• Omsliping

Arbeidet utføres på kirkegården.  
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304

Epost: [post@jobegravsteinservice.no](mailto:post@jobegravsteinservice.no)

Vi takker alle våre sponsorer.  
Ønsker du som bedrift annonse  
i kyrkjebladet, kan du ta kontakt  
med kyrkjekontoret

  
**FRON BYGG**



# OM Bakken Bygg AS

**ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER**

LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA  
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO



## SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.  
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



**HÅREK  
FRISØRSALONG  
-KVAM-**

Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181



Tlf. 971 88 621



Vinstra Begravelsesbyrå AS  
Lise Veikleenget, 99 58 29 43  
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40  
**Døgnvakt!**



**db DOKKEN BIL AS**

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
<http://vinstra.toyota.no> - E-mail: [post.vinstra@toyota](mailto:post.vinstra@toyota)

## SENTRUMS HJØRNET

Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

# REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00

**BRØDRENE KROK**

*Salg & Service*  
**HIKOKI**



Alt innen vask og rengjøring  
Nedregata 58, 2640 Vinstra  
Mobil: 948 49 807

# Fron Traktor Service

2640 VINSTRA Tlf. 61 29 24 60

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe



**Hundorp  
Rørleggerservice AS**

Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90  
E-post: [post@hundorpror.no](mailto:post@hundorpror.no)

[www.hundorpror.no](http://www.hundorpror.no)



**Peer Gynt**  
KJØPESENTER

[www.peergyntsender.no](http://www.peergyntsender.no)



Strandgata 33B, 2640 Vinstra  
Stasjonsvegen 1, 2634 Fåvang  
Tlf. 61 29 52 70

E-post: [gudbrandsdal@okoraad.no](mailto:gudbrandsdal@okoraad.no)

# Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:  
[engelcatering.no](http://engelcatering.no)

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:  
mob: 9110 2530  
[engelbrev@gmail.com](mailto:engelbrev@gmail.com)

**ENGEL**  
Konserter & catering

# coop marked

Coop Marked Skåbu

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu

Tlf.: 61 29 55 19

E-post: [skaabu.marked@coop.no](mailto:skaabu.marked@coop.no)

Åpningstider: Man-Torsdag: 9-18

Fredag: 9-20, Lørdag: 9-18. Søndag: 12-16

# abaris

**SKABU REGNSKAP AS**

[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898

**RN** MEDLEM  
REGNSKAP  
NORGE

Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie

# WEIKLE

Tlf 9005 4040 - [post@weikle.no](mailto:post@weikle.no)  
[www.weikle.as](http://www.weikle.as)

 **Hageland**  
Bjørke

Tlf 915 75 074

Vi hjelper deg med blomster til  
begravelse og andre anledninger

**ELEKTRIKERN** AS  
FRON

Nedregata 60, 2640 Vinstra

Tlf. 61 29 20 10

**PEER GYNT**  
**CATERING**

Vi leverer selskapsmaten  
til ditt arrangement  
på hytta eller jobben

Peer Gynt Catering AS  
Øvregate 23  
2640 Vinstra

Mob: 971 96 733  
Epost: [kjetil@peergyntcatering.no](mailto:kjetil@peergyntcatering.no)  
[www.peergyntcatering.no](http://www.peergyntcatering.no)

*Bakken  
Begravelsesbyrå*

Tlf. 47 68 22 27

**FRON TAXI**




 **48 90 95 00**

 **Dale-  
Gudbrands**  
Trykkeri a.s

[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)

2635 Tretten

tlf. 61 27 73 50



## GUDSTENESTER I NORD-FRON VÅREN 2026

| DAG/DATO/TXT  | SØDORP  | KVAM   | KVIKNE  | SKÅBU   |
|---|---|--|---|---|
| 5.s.i treeiningstida<br><b>28. juni.</b> Matt 7,15-20                       | 11:00 Kyrkja BFO<br>Høgmesse m.nattverd                                   |  |   |   |
| Aposteldagen<br><b>5. juli.</b> Luk 5,1-11                                  |   | 19:00 CSH<br>Kveldsmesse/nattverd                                |   | 12:00 Bakkestugu<br>Friluftsmesse CSH                 |
| 7.s.i treeiningstida<br><b>12. juli.</b> Matt 6,19-24                       | 12:00 Sætermesse CSH  |  | 19:00 Kveldsmesse/ Nattverd<br>CSH                              |   |
| 8.s.i treeiningstida<br><b>19. juli.</b> Matt 6,19-24                       | 17:00 Kyrkja CSH Kveldsmesse/<br>nattverd                                 | 12:00 Sætermesse CSH   |   |   |
| 9.s.i treeiningstida<br><b>26. juli.</b> Matt 11,28-30                      | Ingen gudstjeneste  | Ingen gudstjeneste   | Ingen gudstjeneste  | Ingen gudstjeneste                                    |
| Olsok<br><b>29. juli.</b> Joh 12,24-24                                      |   | 18:00 CSH<br>Kvam kapell Olsokmesse/<br>nattverd                 |   |   |
| 10.s.i treeiningstida<br><b>2. august.</b> Luk5,27-32                       | 11:30 Sundheim BFO<br>Høgmesse/nattverd                                   |  |   | 19:00 BFO<br>Kveldsmesse/nattverd                     |
| 11.s.i treeiningstida<br><b>9. august.</b> Matt 23,37-39                    | 17:00 Kyrkja BFO<br>Kveldsmesse/nattverd                                  |  |   |   |
| 12.s.i treeiningstida<br><b>16. august.</b> Matt 6,24-34                    |   | Kl 17:00 Høgmesse BFO<br>m.nattverd og<br>konfirmantpresentasjon | 11:00 Sætermesse Breistulen                                     |   |
| 13.s.i treeiningstida<br><b>23. august.</b> Matt 25,14-30                   | 11:00 Høgmesse nattverd<br>Kyrkja CSH                                     |  |   | 17:00 BFO<br>Konfirmantpresentasjon med<br>nattverd   |
| 14.s.i treeiningstida/<br>Vingårdssøndag<br><b>30. august.</b> Matt 20,1-16 |   | 11:00 Konfirmantjubileum<br>BFO                                  | 11:00 CSH<br>Konfirmantjubileum                                 |   |
| 15.s.i treeiningstida<br><b>6. september.</b> Matt 5,38-48                  | 11.00 Kyrkja CSH Høgmesse<br>m.natt Konfirmantpresentasjon                |  |   |   |
| 16.s.i treeiningstida<br><b>13. september.</b><br>Mark7,31-36               |   | 17:00 Hausttakkefest.nattverd<br>BFO                             |   | 11:00 BFO<br>Hausttakkefest.nattverd<br>Konf.Jubileum |
| 17.s.i treeiningstida<br><b>20. september.</b><br>Joh 11,17-29(30-46)       | 17:00 Kapellet CSH<br>Hausttakkefest.nattverd                             |  | 11.00: CSH<br>Hausttakkefest.Nattverd<br>Konfirmantpresentasjon |   |
| 18.s.i treeiningstida<br><b>27. september.</b><br>Matt 8,14-17              | 17:00 Kyrkja CSH<br>Eftasmesse.Nattverd                                   | 11.00 CSH<br>Høgmesse/nattverd                                   |   |   |
| 19.s.i treeiningstida<br><b>4. oktober.</b> Matt 5,20-26                    | 11.30: Sundheim BFO<br>Høgmesse/nattverd                                  |  |   | 11.00: CSH<br>Høgmesse m.nattverd                     |
| 20.s.i treeiningstida<br><b>11. oktober.</b> Joh 11,1-5                     |   | 17.00 Eftasmesse.nattverd<br>BFO                                 | 11.00: BFO<br>Høgmesse. nattverd                                |   |
| 21.s.i treeiningstida<br><b>18. oktober.</b> Joh 11,1-5                     | 11.00: Kapellet BFO Høgmesse.<br>nattverd                                 |  |   |   |
| Bøts- og bøneda<br><b>25. oktober.</b> Luk 13,22-30                         |   |  |   | 11.00 BFO<br>Høgmesse.nattverd                        |
| Reformasjonsdagen<br><b>31. oktober.</b> Joh 1,16-17                        | 17.00 Kyrkja CSH/BFO<br>Halloween/Familie.gudstj.<br>Ungdomsgudstjeneste, |  |   |   |
| Helgem./minnedag<br><b>1. november.</b> Joh 6,37-40                         | 11.00 Kyrkja CSH Helgemesse/<br>minnedag                                  | 17:00 BFO<br>Helgemesse/minnedag                                 | 11.00 BFO<br>Helgemesse/minnedag                                | 17.00 CSH<br>Helgemesse/minnedag                      |

Det kan koma endringar på gudstjenester så fylg med på plakatar, heimesida og facebook. (BFO: Benjamin Fjellheim Olsen. CSH: Caroline Serck-Hanssen)

